



Geir Iden

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1679 - 14/7376

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
13.05.2014

TILLEGG SOPPLYSINGAR TIL VEDTAK OM BYGGJELØYVE PÅ GBNR. 49/151 I SAK 14/1679

Under tilvising til dykkar e-post av 9. dm. vert vedtak om byggjeløyve av 9.4.2014 i sak 14/1679 suppert med følgjande presiseringar og tillegg sopplysingar:

- Tilkopling til kommunalt vassanlegg skjer ved kum. I føreliggjande sak skjer tilkopling via privat vassledning som allereie er tilknytt kommunal vasskum, saml. vurderinga i vedtaksbrevet i samband med tilknytning til infrastruktur.
- I vedtaksbrevet er det opplyst at det er gitt godkjenning for utslepp til minireinseanlegg, medan det tidlegare er omsøkt og gitt godkjenning for utslepp til slamfråskiljar. Løyvet om utslepp av 21.1.2014 i DNT-sak 24/14 skal her gjelde (utslepp til slamfråskiljar).

I høve til gebyrfastsetting for kommunen si sakshandsaming skriv du følgjande:

«Eg henvendte meg til dykk før eg søkte om byggetillatelse ang. om det lønna seg å søka om garasje samtidig med huset. Eg fekk beskjed om at visst eg søkte om både oppføring av enebolig og oppføring av garasje på samme søknaden, trengte eg berre å betala handsamingsgebyret på 12 900,-. Syns det då er rart at eg fekk ei regning i posten på 5600,- for handsamingsgebyr på garasjen i tillegg.»

Til dette har kommuneadministrasjonen følgjande kommentar:

Søknadar om løyve til oppføring av høvesvis bustad og garasje vert med heimel i Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 og pbl. kapittel 21 m/ tilhøyrande sakshandsamingsforskrift alltid handsama hos kommunen som to separate tiltak, med mindre garasjen er ein integrert del av bustaden. Dersom løyve til oppføring av frittstående bustad og garasje vert omsøkt i same søknad vil kommunen dertil dele søknaden og handsame dei to tiltaka kvar for seg. Om gebyrfastsetting for handsaming av søknadar om høvesvis bustad og garasje vert det vist til Gebyrregulativet (2013) pkt. C.3.2 bokstav a og g.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Administrasjonene stillar seg avvisande til at det skal ha vore opplyst noko anna om kommunen sin praksis for gebyrfastsetting enn det som følgjer av gjennomgangen over. På bakgrunn av dykkar e-post ser administrasjonen difor ikkje bort frå at det kan ha vore opplyst at det berre vert rekna eitt gebyr ved søknad om løyve til oppføring av bustad med integrert garasje, men kor dette har vore misoppfatta til óg å gjelde når frittliggjande bustad og garasje vert omsøkt under eitt. Dersom du likevel meiner at handsamingsgebyret er feil kan du med heimel i Gebyrregulativet (2013) pkt. 8.A påklage gebyrfastsettinga.

Dersom du har spørsmål til gjennomgangen over kan du kontakte underteikna på tlf. 56 17 10 00.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Geir Iden